

TIL BEBUARAR, TILSETTE, PÅRØRANDE OG ANDRE LIVSKVALITETSPROSJEKTET PÅ SELJETUNET (del 2)

Her ein kan lese og sjå litt av det som har skjedd i prosjektet frå mai til desember 2018.
Og kort om kva som er fokuset i 2019.

Fellestrimmen og barnehagebesøk held fram ☺

Det er både sosialt og kjekt å møtast for å trimme ilag. Og i tillegg held det kroppen og funksjonane i gang og førebyggje både smerter i kroppen, fall og skader.

Og besøket av ungane frå barnehagen er eit av vekas høgdepunkt.

Andre faste tilbod er andakt med prest og organist.

10.klasse på Selje skule kom å hadde dugnad i hagen i vår. Vi var heldige med veret. Nokre bebuarar var også med å jobba og kom med gode hagetips. Besøksvennane serverte vaffel og saft.



Vi har arrangert tre ekstra musikk kafear med Hildegunn Vederhus. Det blir også nokre i 2019.



Samarbeid er gull verdt. Nokre av dei samarbeida vi har fått til i år er mellom etatane i helse og omsorg om å levere varm middag til eldretuna. Og eit anna spennande og fint samarbeid med biblioteket og flyktnings tenesta er at ein av språkkafeane skal vere her.

Hovudfokuset i prosjektet er og blir vidare: **Aktivitet og fellesskap, Mat og måltid**. Alle tilsette har vore på kurs om kvalitetssikring på sjukeheimar, kjøkkenpersonalt og prosjektleiar har vore på kurs om gyldne måltid og matopplevingar i Ålesund, kjøkkenet har starta opp egen facebook side der dei legg ut bilde og oppskrifter til inspirasjon, kvar måndag leverar dei vaffelrøre eller kjeks som steikast på avdelingane. Dette for å ha heilt fersk kaffimat og herleg matlukt. Besøksvennane kjem innom og hjelp med steikinga. På dei avdelingane ein treng det. Det hadde vore veldig kjekt med endå fleire besøksvenna og frivillige. Er dette noko for deg so ta kontakt. Det kan like gjerne vere å komme på besøk med ein hund, gå tur, syngje og /eller prate m.m.



Vera Holmen har hatt fem hobbyverkstadar for og med kunstinteresserte bebuarar. Ein har mala, laga stein troll og sjølvsagt kosa seg ilag med prat, kaffi og steikt vaffel ☺



Vi har hatt kino igjen der vi viste «Ei sommarhelsing frå Selje», som vart vist på NRK for første gang i 1984. Mange kjente fjes å sjå att og ikkje mist eit vakkert Selje hotell. På kulturnatta i november kom Sentrum Spelmannslag att og underholdt oss med nydeleg dansemusikk.

I desember vart huset pynta av dei tilsette, julebord for bebuarar og familie vart arrangert ilag med besøksvennane og fleire kor og andre kom innom og gav oss ekstra julestemning. Og saniteten kom med julegåve til huset. Ein cd spelar/dab radio som skal bli godt brukt ☺

Saman kan vi få til fantastiske fine ting som gjer kvardagane til dei eldre endå meir innhaldsrike og meningsfulle☺

På vegne av Seljetunet

Prosjektkoordinator Maria Helgesen 95869223

(Kontordag kvar onsdag.)

Lik gjerne Facebooksida til *Seljetunet*

Og kjøkkenet si eiga facebook side: *Kokkane på Seljetunet*

